



DALANE BYGGSØK AS


4381 HAUGE I DALANE

Saksbehandlar	Saksnummer	Dykkar ref.	Dato
Anne Rita Eriksen	2022/4247		10.04.2024

Vedkjem førespurnad

Visar til førespurnad om plassering av brakker motteken 08.04.2024.

I samband med behandling av dispensasjonssak etter Plan- og bygningslova 31.01.2024 var midlertidig riggplass vist i kartutsnittet under.



Det er opplyst i rapport vedlagt søknaden at *deler av tiltaksområde ligg innafør NVE sitt kartgrunnlag for utløyising- og utløpsområde for snøskred. Det står vidare at det generelt bør vurderast aktsemd i anleggsperioden, og man vil i denne perioden følgje med på værmelding og farevarsel samt innlemme rutar kring dette i internkontrollsystemet. Vegen opp til Midtbotnvatn er vinterstengt. Anleggsperioden vil i hovudsak føregå på sommarstid, snøskredproblematikken vil under anleggsperioden mest sannsynleg ei ikkje vere ei reel fare.*

Dersom det no er vurdert som betre å justere noko på omsøkt plassering av brakker finn ikkje kommunen noko direkte i vegen for dette.

Det kan elles nemnast at det er ei rekkje dokument å finne dersom de treng meir informasjon i saka.

Plassering av midlertidige brakker, som skissert i førespurnaden, vil vere i samsvar med SAK 10 § 4-2.

Tett tank til avløp:

Det må søkjast til kommunen for løyve etter forureiningsforskrifta sjølv om det er tett tank som skal etablerast.

De lyt då nytte søkjeportalen:

<https://www.kvinnherad.kommune.no/utsleppsloeyve.445037.nn.html>

Med helsing

Anne Rita Eriksen

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:

Miljøretta helsevern v/Synneve Skei

Vatn- og avløp v/ Egil Eide